



Arkivnr: 2014/10496-4

Saksbehandlar: Roald Breistein

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016 - Forslag til prosjektplan

#### Bakgrunn

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 39/13 i møte 18.12.13:

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2014 gjennomføra ei evaluering av dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
2. Deloitte vert beden om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik evaluering, i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensinger og ressursbruk.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 20.1.2014 og skal handsamast i møte i kontrollutvalet 10.2.2014.

I saksframlegget til møte 18.12.13 stod det m.a. dette:

«Det vil vera hensiktsmessig og kostnadssparande å sjå arbeidet med evaluering av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt for å evaluera prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt for å evaluera prosjekt innan selskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.»

#### Drøfting:

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Det er sett opp anna sak om plan for forvaltningsrevisjon i dette møtet og prosjektplanen følgjer som vedlegg berre til den saka.

#### Det går m.a. fram dette av prosjektplanen:

«Gjennom den overordna analysen som blei gjennomført i 2011/2012 blei det innhenta relevant informasjon om verksemda til fylkeskommunen og om fylkeskommunen sine eigarskap. Den overordna analysen hadde som føremål å avdekkje risikoområde i forvaltninga og knytt til fylkeskommunen sine eigarskap, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I samanheng med overordna analyse viser "risiko" til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, politiske vedtak og andre føringar som fylkeskommunen har sett for verksemda og selskap

*fylkeskommunen har eigarskap i.»*

*For å sikre at ..... og plan for selskapskontroll speglar dei mest vesentlege risikoområda ..... og ved fylkeskommunen sine eigarskap vil revisjonen gjennomføre ei undersøking for å avdekke eventuelle endringar i risikobilete.»*

Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og dekkande for korleis dette arbeidet kan gjerast på ein god måte. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend slik det ligg føre.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for selskapskontroll, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslattede prosjektplanen.
4. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
5. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenke i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrågjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*